



Pålegget om reduksjon av antall personar i 4 klasserom i skulen for å betra inneklimaet er ikkje realistisk. Det held rektorvikar Odd Steinar Arnesen fram og legg til at problemet dermed ikkje kan løysast på anna vis enn ved å utbetra ventilasjonen.

Pålegget gjeld klasseromma Skårhaug, Storhaug, Halsatoppen og Gråfjell. Biletet over er teke i Storhaug der det vanlegvis er 16 femteklassingar samt lærar men der talet på elevar er redusert til 8 i tråd med pålegget.

- Kvifor er ikkje pålegget realistisk, Arnesen?
- Det er ikkje gjennomførbart i praksis ganske enkelt fordi skulen ikkje har fleire rom enn vi treng. Med andre ord har vi ingen ekstra kapasitet til å ta imot elevar frå andre rom, er svaret til nestsjefen på skulen.

Då kommunen sine folk målte inneklimaet i klasserommet Storhaug var det 14 elevar og ein lærar der. Dette talet bør altså reduserast til maksimalt 9 samtidig når læraren reknast med.

Maksimaltalet for Skårhaug er 12 medan det er 6 for Halsatoppen og 7 for Gråfjell. Tala er basert på vurderingar med den personbelastning og dei lufteutinar som er gjennomført, heiter det i rapporten

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen